

# MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

Fedje skule

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/3747 - 19/4525

Saksbehandlar:  
Grethe Elin Mjelde  
grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:  
18.02.2019

## VEDTAK OM PÅLEGG OM RETTING - FEDJE SKULE

Den 28.12.18 vart det sendt ut varsel om vedtak til Fedje skule etter utført tilsyn etter «*Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.*»

Miljøretta helsevern har motteke kommentar til varselet datert 11.01.19. Kommentar gjeld skrivefeil i rapporten, og ikkje kommentar til avvika/merknad.

Miljøretta helsevern har ikkje motteke tilbakemelding om at verksemda har utbetra dei varsla pålegga og opprettheld difor pålegga for gjennomføring.

### ➤ Vedtak om pålegg om retting av avvik

Miljøretta helsevern gjer Fedje skule følgjande pålegg om retting av avdekkande avvik:

- **Pålegg nr. 1:**  
**Skulen manglar godkjenning etter «*Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.*»**

Pålegget er heimla i «*Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.*» § 6.  
**Frist for gjennomføring av pålegget: 01.04.19.**

- **Pålegg nr. 2:**  
**Skulen er ikkje lagt til rette for personar med funksjonshemming**

Pålegget er heimla i «*Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.*» § 9.  
**Frist for gjennomføring av pålegget: 01.04.19.**

- **Pålegg nr. 3:**

## Tryggleiken på avsats (gelender) må utbetrast

Pålegget er heimla i «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.» § 14.

### **Frist for gjennomføring av pålegget: 28.02.19**

Frist for utbetring var sett til 31.01.19. Vi har ikkje motteke melding om at avvik er utbetra, eller motteke klage på at det var for kort frist for å utbetre avvik.

- **Pålegg nr. 4:**  
**Skulen har ikkje tilfredsstillande inneklima**

Pålegget er heimla i «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.» § 19.

### **Frist for gjennomføring av pålegget: 01.04.19.**

Pålegg 3 hadde frist til 31.01.19. Då frist er utgått, vert det gjeve ny frist som må overhaldast. Fristar for pålegg 1, 2, og 4 er sett til 01.04.19. Vi ser at det vil vere både tidkrevjande og kostnadskrevjande å rette desse avvika innan fristen, så vi ber om ei tidfesta handlingsplan for når avvik vil vere retta.

Miljøretta helsevern skal ha **skriftleg** tilbakemelding når arbeidet i samband med vedtaket er utført. Når alle avvik er utbetra blir avvika lukka og saka avslutta. Dersom rettingsvedtak ikkje blir følgt, kan tvangsmulkt bli vurdert gitt jf. § 26 i forskrifta og *folkehelseloven* § 15.

**Lovheimel:** «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.» av 1. desember 1995, med heimel i «Lov av 24. juni 2011 nr 29 om folkehelsearbeid (folkehelseloven)».

### **Merknadar: Under tilsynet fann vi grunnlag for forbetringar; syner til rapport datert 28.12.18.**

- Merknad 1: Skulen må betre internkontrollsystemet
- Merknad 2: Skulen/kommunen må revidere/oppdatere vedlikehaldsplanen
- Merknad 3: Verksemda/skulen manglar dokumentasjon på tilfredsstillande branntryggleik
- Merknad 4: Verksemda/skulen må oppdatere rutinar for kontroll av tryggleiken
- Merknad 5: Kantine (gamal gymsal) har ikkje tilfredsstillande lydforhold
- Merknad 6: Fuktskade i «nyeskulen»

Utbetring av merknadar bør utførast, ev. bør merknadar løysast jf. ein handlingsplan. Miljøretta helsevern ynskjer tilbakemelding på merknadar innan **01.04.19**.

Tilbakemelding sendast til [mjge@lindas.kommune.no](mailto:mjge@lindas.kommune.no), eller **Lindås kommune ved Miljøretta helsevern, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø**

Med helsing

Ernst Horgen  
kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde  
teknisk-hygienisk ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedtaket kan påklagast innan 3 veker.**

Etter forskrifta § 27 er det høve til å klage på vedtaket for dei partar som har rettsleg interesse i saka. Klagen skal stilast til Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 Bergen, men sendast til **Miljøretta helsevern, Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø**. Miljøretta helsevern kan da enten ta klagen til fylgje og endre vedtaket, eller oppretthalde vedtaket og sende klagen vidare til Fylkesmannen.

**Kopi til:**

Linda Husa

Nils Moldøen

Øyvind Tolleshaug

Åse Leivdal Kjølleberg